

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 03.01.23
SAKSHANDSAMAR: Laila Nemeth
SAKA GJELD: **Revidert Forprosjektrapport**

STYRESAK: 10/23

STYREMØTE: 13.01.23

3 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner revidert forprosjekt for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus med tilhørende revidert framdriftsplan og budsjett.
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtak og forprosjektrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør halde styret løypande informert om det vidare arbeidet

Bakgrunn for saka

Forprosjektrapporten for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus blei vedteke i styret i Helse Fonna i sak 75/22 med følgjande vedtak :

1. *Styret i Helse Fonna HF godkjenner forprosjektet for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus*
2. *Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtak og forprosjektrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming*
3. *Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør halde styret løypande informert om det vidare arbeidet*
4. *Styret forutset at den økonomiske bærekrafta er tilstrekkeleg for å gjennomføra prosjektet på ein forsvarleg måte*

Helse Vest fatta i sak 119/22 den 7.12.22 følgjande vedtak:

Helse Fonna HF

1. *Styret i Helse Vest RHF har ikkje behandla forprosjektrapporten til Haugesund sjukehus byggetrinn 2. Framdrifta i prosjektet må tilpassast tilgjengelig likviditet og bærekraft. Føretaket må utarbeide ein revidert framdriftsplan til byggetrinn 2 der ein har ein oppstart som er av mindre omfang og som kan styrast kontrollert innafor økonomisk bærekraft og tilgjengeleg likviditet.*
2. *Prosjektet er tildelt lån frå staten og må derfor meldast av til Helse- og omsorgsdepartementet at utbetalingsplanen for lån til prosjektet må forskyvast til seinare år.*

I saka står det vidare:

Helse Fonna har sett på mulighet for å revidere framdriftsplanen til byggeprosjektet ytterlegare, mellom anna med å utsetje oppstart av den største totalentreprisa og starte på andre, mindre kostnadskrevjande deler som kan styrast kontrollert. Dette vil og hindre midlertidig demobilisering av byggorganisasjonen i føretaket.

Dette er eit forhold som Helse Fonna må gjere ein ny vurderinga av i samband med budsjett 2023 og ved rullering av ØLP til våren 2023. Føretaket har fått tildelt lån frå staten til byggetrinn 2. Det må i den samanheng gjerast ei oppdatert vurdering på framdrifta i prosjektet og utbetaling av lån frå staten.

Helse Fonna har revidert forprosjektrapporten i tråd med vedtaka i styra i Helse Fonna HF og Helse Vest RHF. Den nye framdriftsplanen tar omsyn til den økonomiske bærekrafta til føretaket, også tatt i betraktning vedtatt statsbudsjett for 2023 og prognose for 2022.

Større investeringssummar er flytta frå dei første åra av prosjektet slik at prosjekttida og ferdigstillinga er forlenga med to år. Den store totalentreprisen er utsatt til 2024 og byggeperioden er forlenga med eitt år. Totalentreprisen kan, om det synar seg naudsynt, også delast i to totalentreprisar før ein går ut på anbod. All ombygging av M blokk er flytta til 2027. Total byggetid byggetrinn 2 er forlenga med to år.

Byggetrinn 1 har hatt ei stram økonomisk styring slik at ein har kunna nytte midlar frå byggetrinn 1 til store delar av dei førebuande arbeida i byggetrinn 2 (fase 0, 1, 2) Dette tar ned risiko i byggetrinn 2 i samband med asbestsanering, teknisk omlegging og forsterkingar. Dette medfører også at ein kan overføre om lag 90 MNOK av lånet frå 2022 til 2023. Lånebehovet er difor redusert i starten av byggetrinn 2.

I 2023 planlegg ein i revidert framdriftsplan førebuande arbeid (riving, forsterkning, asbestsanering, arbeid i eksisterande bygg). Dette er mindre entreprisar og opsjonar som kan styrast kontrollert innanfor økonomisk bærekraft. Dette fører til at ein får gjennomført naudsynt ferdigstilling av forsterkningane av S blokk og asbestsanering av Austblokka i samband med riving av denne. Revidert framdriftsplan vil hindre demobilisering av byggorganisasjon og prosjekteringsteam.

Vedlagt følgjer notat med oversikt over endringane i forprosjektrapporten i byggetrinn 2 samt komplett revidert forprosjektrapport. Det er ingen endringar i vedlegga til rapporten som opprinneleg blei lagt fram for styret i Helse Fonna HF i oktober 2022. Vedlegga er difor ikkje lagt ved på nytt.

Vedlagt er òg revidert budsjett samt justert lånebehov for Byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus (unnateke offentlegheit).

Vedlegg

- 1 Oversikt over endringar i revidert forprosjektrapport
- 2 Revidert forprosjektrapport
- 3 Revidert budsjett, byggetrinn 2 (u. off.)